ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 07.07.2021 |
| Vår: 20/456 - 21/49019 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - gbnr 323/505 s.2 tilbygg til barnehage og delar av utomhus Frekhaug

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 793/21** |
| **Tiltakshavar:** | Leiketun Barnehage AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Tyark AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for riving av delar av bygget, tilbygg til barnehage og delar av utomhusareal (areal mot nord) på gbnr 323/505 seksjon 2 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: riving, oppføring av tilbygg, delar av utomhusareal (areal mot nord).**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 08.10.21.**
3. **Tiltaket skal sikrast med gjerde mot resterande del av utomhus.**
4. **Før ferdigattest kan gjevast, skal det liggje føre avviksmelding med grunngjeving i høve avfallssorteringsgrad på 34 % i staden for 60 % bestemt i TEK§9-8.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 19/1228 datert 03.07.19.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk frå 10.07.21. Følgjande arbeid står att:

1. Tømrararbeid knytt platting og sandkasse.
2. Asfaltering.
3. Etablering av kjølerom.
4. Drenering ved inngang i sør.
5. Uteareal aust frå barnehage.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: riving, heile tilbygget og delar av utomhus (areal mot nord frå tilbygget).

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 08.10.21.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.07.21.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Holtermandsvegen 2B 5918 Frekhaug |
| Bygningstiltak: | Tilbygg til barnehage og delar av utomhusareal |
| Bygningsnummer: | 21169498 |
| Bruksareal: | 370 $m^2$ |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 0 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/456

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Larissa Dahl |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Leiketun Barnehage AS | Leiketun Barnehage AS Holtermandsvegen 2B | 5918 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tyark AS | Strandgaten 19 | 5013 | BERGEN |